

# Årsmelding samhandling 2022

SAMHANDLINGSSJEF DAGRUN KYRKJEBØ, HELSE FØRDE HF

## Innhold

Innleiing .....	2
Sogn og Fjordane helsefellesskap .....	3
Nasjonalt nettverk for helsefellesskap .....	3
Arbeid med ny Nasjonal helse- og samhandlingsplan.....	4
Strategiarbeid.....	4
Revisjon av Avtaleporteføljen.....	5
Oppfølging av eksisterande avtalar og samarbeid.....	5
Arrangement.....	6
Pågåande Samhandlingsprosjekt .....	6
Digitale samkonsultasjonar: Pilotprosjekt ved Indre Sogn psykiatrisenter i samarbeid med kommunane i Indre Sogn og e-helse Vestland .....	6
Digital heimeoppfølging sårpasientar: samarbeid mellom stryn kommune og helse førde.....	7
Læringsnettverk – gode pasientforløp .....	7
Samhandlingsbarometeret .....	7
Praksiskonsulentordninga.....	8
Avsluttande Kommenterar .....	9

## INNLEIING

Årsmeldinga er utarbeidd for føretaksleiinga i Helse Førde HF og syner kva som har vore arbeidd med innan samhandlingsfeltet i vårt føretak, i Sogn og Fjordane helsefellesskap, på regionalt og nasjonalt nivå sett frå Helse Førde sin ståstad.

Aktiviteten innanfor samhandlingsfeltet er stor og vi er no i gang med å løyse oppgåver som har blitt liggande på vent gjennom pandemien. Den utfordrande økonomiske situasjonen både i føretaket og i kommunane vi samarbeider med, har i noko grad påverka samhandlingsarbeidet. Likevel, vi byggjer vidare på den gode samhandlingskulturen som har vore i regionen vår fram til etablering av helsefellesskapet og møtest no som likeverdige partnerar i arbeidet i Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Våren 2022 vart taktisk samhandlingsgruppe avvikla etter å ha fylt ein viktig funksjon som samhandlingsorgan mellom kommunane og helseføretaket under pandemien. Taktisk samhandlingsgruppe vart oppretta etter oppmoding frå Koordineringsrådet og som oppfølging av felles prosedyre for Helse Førde og kommunane «Samarbeid mellom Helse Førde og kommunane ved influensapandemi» i samband med Covid-19 pandemien. Gruppa hadde første møtet 10.03.20, og har hatt totalt 64 digitale møter i perioden mars 2020 – mars 2022.

Hovudfokus for arbeidet med samhandling eksternt (Sogn og Fjordane helsefellesskap) i tida framover vil vere å setje i verk strategi og tiltak frå handlingsplanen. På den måten håpar vi at det skal kome konkrete, synlege og målbare resultat av arbeidet i helsefellesskapet.

Internt i Helse Førde vil vi arbeide med å gjere helsefellesskapet meir kjent i eigen organisasjon, og å engasjere fagmiljøa internt i arbeidet saman med kommunane.

Hovudmålet er å legge til rette for samanhengande helsetenester for innbyggjarane i vårt område. Dette er utfordrande, men gjevande arbeid, og det er stor entusiasme hos partnerane for å få dette til. Mellom anna må vi i helsefellesskapet finne løysingar på korleis vi skal drive felles planlegging, som vart eit lovkrav frå august 2022.

[Sogn og Fjordane helsefellesskap](#) har gjennom sitt første år etter etablering kome i gang med samhandlingsarenaene [strategisk samarbeidsutval](#) og [fagleg samarbeidsutval](#). [Partnerskapsmøtet](#) skulle vore avholdt, men vart avlyst.

Saker helsefellesskapet har arbeidd med i 2022 er overordna strategi, handlingsplan med konkrete tiltak, ferdigstilling og digital signering av overordna samarbeidsavtale, revisjon av delavtalar, gjennomføring av erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid og Samhandlingskonferansen 2022.

Det går føre seg mykje arbeid innanfor samhandlingsfeltet både internt i helseføretaket og eksternt mot enkeltkommunar. Nokre slike døme vert presentert seinare i årsmeldinga.

## SOGN OG FJORDANE HELSEFELLESKAP

Helsefellesskapet har gjennomført planlagd møteserie i år med fire møter i [fagleg samarbeidsutval](#) (FSU) og fire møter i [strategisk samarbeidsutval](#) (SSU). Møta har hovudsakleg vorte gjennomførte fysisk.

<b>Møteserie Sogn og Fjordane helsefellesskap 2022</b>			
<b>Arrangør</b>	<b>FSU</b>	<b>SSU</b>	<b>Partnerskapsmøte</b>
Helse Førde/Kommunane	17. februar (FSS)	2. mars (Sunnfjord kommune, Førde)	
Helse Førde/Kommunane	28. april (Kinn kommune, Florø)	20. mai (Digitalt møte)	
Helse Førde/Kommunane	16. september (FSS)	21. september (Stad kommune, Nordfjordeid)	
Helse Førde/Kommunane	17. november Digitalt møte)	30. november (FSS)	27. oktober (avlyst)

[Partnerskapsmøtet](#) for 2022 vart avlyst fordi mange kommunar melde frå om at den planlagde datoen ikkje passa for dei. Nytt møte er under planlegging, og dato er sett til 3. mars 2023. Det vil bli arrangert som eit heildagsmøte, sidan tilbakemeldingane har vore at korte, fysiske møte ikkje er ønskjeleg.

## NASJONALT NETTVERK FOR HELSEFELLESKAP

Det er etablert eit [nasjonalt erfaringsnettverk](#) for dei 19 helsefellesskapa i Norge, drifta av Helsedirektoratet. Her deltek Sogn og Fjordane helsefellesskap med to deltakarar; samhandlingskoordinator frå kommunal side og samhandlingsjef frå Helse Førde.

Den første nasjonale erfaringskonferansen for helsefellesskap vart arrangert i Bodø 25.-26.august 2022. Samhandlingsansvarlege frå alle helsefellesskapa deltok saman med Helsedirektoratet, KS og helse- og omsorgsdepartement for å drøfte erfaringar med arbeidet i helsefellesskap så langt.

## ARBEID MED NY NASJONAL HELSE- OG SAMHANDLINGSPLAN

Regjeringa har starta arbeidet med Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Planen skal fremmast for Stortinget og vil avløyse Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020– 2023. Meldinga skal dekke både den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Samhandling for å skape gode pasientforløp og likeverdige tenester i heile landet vil vere eit sentralt tema. Meir informasjon om dette arbeidet [HER](#).

Innspel til den nye planen er sendt inn [frå partnerane i helsefellesskapet](#) og [via Helse Vest RHF frå helseføretaket](#).

## STRATEGIARBEID

I Sogn og Fjordane helsefellesskap har det vore særleg vore fokus på arbeid med strategi og handlingsplan for helsefellesskapet i 2022. [Overordna strategi](#) vart vedteken i strategisk samarbeidsutval 30.11.22. Strategien definerer innsatsområder som partnerane i helsefellesskapet har einast om.

Innsatsområder i strategien:

- felles planlegging
- rekruttering og kompetanse
- prioriterte pasientgrupper (barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar)
- andre prioriterte område
  - o akuttmedisinske tenester
  - o digitalisering av tenester
  - o forskning og utviklingsarbeid

Handlingsplanen for helsefellesskapet skal vere ei konkretisering av strategien, og skisserer konkrete tiltak som skal arbeidast med i perioden 2023 – 2024. Fagleg samarbeidsutval skal handsame sak om handlingsplan i januar 2023.

Døme på tiltak som kan vere aktuelle i handlingsplanen, er oppretting av arbeidsgrupper innanfor dei prioriterte pasientgruppene, samarbeid om etablering av FACT/ACT-team<sup>1</sup>, oppretting av planforum for betre felles planlegging og arbeid med ferdigstilling av avtaleporteføljen.

---

<sup>1</sup> Assertive Community Treatment (ACT) og Flexible Assertive Community Treatment (FACT) er to behandlingsmodellar som skal gi heilheitlege og koordinerte tenester til personar med alvorlege psykiske lidningar, som ofte har rusproblem, og med eit lågt funksjonsnivå på mange livsområder. ACT- og FACT-team retter seg mot personar som eksisterande tenester ikkje klarer å gi nyttig hjelp til, eller som ikkje ser eige behov for hjelp. Hovudforskjellen mellom de to teamtypene ACT og FACT er at ACT rettar seg mot menneske med eit stort og kontinuerleg hjelpebehov grunna psykoseproblem, mens FACT har ei noko breiare målgruppe med eit meir varierende hjelpebehov.

## REVISJON AV AVTALEPORTEFØLJEN

Partnerane er etter helse- og omsorgstenestelova § 6-1 mfl. og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd, pålagt å inngå samarbeidsavtalar. [Overordna samarbeidsavtale](#) mellom Helse Førde HF og kommunane i opptaksområdet vart signert i 2022.

Det vart vedteke å setje ned eit avtaleutval som fekk ansvar for revisjon av heile avtaleporteføljen av delavtalar og særavtalar. Del- og særavtalane skal vere konkrete og detaljerte, m.a. om konkrete pasientforløp, ansvars- og rolledeling, partnerane sitt informasjons- og rettleiingsansvar, finansiering, organisering med meir.

[Avtaleutvalet](#) er godt i gang med sitt arbeid. Det har vore avholdt fire møter i utvalet i 2022. Framlegg til struktur for framtidig delavtaleportefølje er på plass, og sekretariatet arbeider no med utkast til delavtale 1 som omhandlar partnerane sine plikter i samhandlinga. Delavtale smittevern, der smittevernkomitéen har revisjonsoppdraget, er også i prosess.

Vidar Øvrebø (stadleg leiar, Lærdal sjukehus) er nytt medlem i sekretariatet og i avtaleutvalet etter Tone Holvik som har slutta i Helse Førde.

## OPPFØLGING AV EKSISTERANDE AVTALAR OG SAMARBEID

Samarbeidet mellom Helse Førde og kommunar som tilbyr kommunalt ØHD-tilbod er regulert gjennom delavtale «Kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod» i tillegg til særavtalar med den enkelte kommune. Det skal årleg gjennomførast driftsgruppemøte mellom kommunen som tilbyr kommunalt ØHD-tilbod og Helse Førde. Dette arbeidet har ikkje vore aktivt under pandemien og det var difor viktig å kome i gang att med møter i driftsgruppene.

Driftsgruppa består av tre helsefaglege representantar frå kommunen og tre frå Helse Førde.

Frå Helse Førde deltek:

- klinikkdirektør medisinsk klinikk
- fagdirektør
- samhandlingssjef/stadleg leiar

Kommunane står fritt til å delta med dei fagpersonane dei ønskjer. Vanlegvis deltek kommunalsjef, ansvarleg lege ved ØHD-tilbodet og tenesteleiar eller liknande ved ØHD-tilbodet.

I 2022 vart det gjennomført driftsgruppemøter med kommunane Kinn, Stad, Lærdal, Sogndal, Vik, Solund, Luster og Gloppen. Kommunane seier seg i hovudsak nøgde med bruken av ØHD-tilbodet. Nokre kommunar ser føre seg ei auke i tal innleggingar i åra framover både pga. aukande behov for denne typen tenester, og fordi tilbodet vert betre kjend i kommunen. Andre kommunar ønskjer hovudsakleg at pasientane skal vere i eigen heim så lenge som mogleg og ønskjer difor å utsette innleggingar så lenge som det er forsvarleg. Møte med Sunnfjord IKL gjenstår og vil bli prioritert våren 2023.

Vertskommunane for Helse Førde sine institusjonar er viktige samarbeidspartar for oss. I løpet av 2022 har vi gjennomført vertskommunemøter etter avtale med alle vertskommunane. Det er lagt opp til to møter i året med kvar av vertskommunane, der det eine møtet vert arrangert av Helse Førde medan det andre vert arrangert av vertskommunen. Vertskommunemøta er ein god arena for å diskutere saker som er viktige både for føretaket og for kommunen. Møta vert opplevd som nyttige for begge partar.

## ARRANGEMENT

### [Erfaringskonferansen psykisk helse og rusarbeid](#)

11. og 12.mai 2022 vart det for første gong arrangert erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid for tilsette i kommunane og Helse Førde. Arrangementet fann stad på Thon Hotel Jølster. Konferansen hadde som målsetting å sette søkelys på dei områda som helsefelleskapet skal samarbeide endå tettare rundt i åra framover. Alle deltakarar fekk høve til å påverke framtidig satsing innanfor psykisk helse og rusfeltet, samt å bygge viktige relasjonar og nettverk på tvers av organisasjonane. Konferansen hadde om lag 120 deltakarar og målgruppa var tilsette som jobbar innanfor dette samhandlingsfeltet, leiarar og brukarorganisasjonar.

Erfaringskonferanse somatikk skal arrangerast vår 2023. Arbeidet med å finne medlemmer til programkomité er i gang.

[Samhandlingskonferansen](#) vart arrangert 1. og 2. november med kring 170 deltakarar over to dagar. Det var gledeleg å sjå at så mange stilte opp, både frå Helse Førde og frå administrativ og politisk leiing i kommunane. Det er gjennomført ei evaluering i etterkant av konferansen med hovudsakleg gode tilbakemeldingar. Nokre ønskte seg meir rom for gruppearbeid eller workshop på konferansen, elles var dei fleste tilbakemeldingane positive når det gjaldt program og gjennomføring.

Innspel til tema for neste samhandlingskonferanse er tema som beredskap, samskaping og samhandling, velferdsteknologi, barn og unge, rekruttering og kompetanseheving og psykisk helse.

Det har kome tydelege signal om at hausten er eit krevjande tidspunkt for eit slikt arrangement. Det er difor vedteke at neste samhandlingskonferanse vert skipa til februar/mars 2024.

## PÅGÅANDE SAMHANDLINGSPROSJEKT

Ulike samhandlingsprosjekt pågår i Helse Førde HF sitt opptaksområde og nokre av dei vert omtalt nedanfor.

### DIGITALE SAMKONSULTASJONAR: PILOTPROSJEKT VED INDRE SOGN PSYKIATRISENTER I SAMARBEID MED KOMMUNANE I INDRE SOGN OG E-HELSE VESTLAND

Helse Førde er samarbeidsaktør i prosjektorganisasjonen e-helse Vestland. Det er starta opp eit pilotprosjekt ved ISP: «Samkonsultasjon mellom kommunale helsetenester, ISP og pasientar med alvorlege psykiske lidningar». Prosjektleiaren er Anita Foss Midlang frå Sogndal kommune/e-helse Vestland.

Tiltaket er retta mot alvorleg psykisk sjuke personar med helsetilbod/helsehjelp både frå kommunale helsetenester og ISP. Prosjektet piloterer digitale samkonsultasjonar mellom pasient, kommunale helsetenester/fastlege og spesialisthelsetenesta. Ved utgangen av 2022 hadde ein starta aktivitet med samkonsultasjon og video i seks kommunar i Sogn. e-helse Vestland vil gjennom sin totale aktivitet spreie erfaringar og kunnskap i mange ulike arrangement og undervisningar, i tillegg til andre media - facebook, nettside, nyhendebrev m.v. Det er sendt ut pressemelding og Sogn Avis har

laga ei sak om arbeidet: [Sogndal, Helse | Skal gje folk som slit med rus og psyke betre oppfølging: – Eg bryr meg berre om pasientane \(sognavis.no\)](#)

#### DIGITAL HEIMEOPPFØLGING SÅRPASIENTAR: SAMARBEID MELLOM STRYN KOMMUNE OG HELSE FØRDE

Stryn kommune har motteke midlar til digital heimeoppfølging frå Helsedirektoratet og kontakta Helse Førde for mogleg samarbeid. Det har vore gjennomført eit internt kartleggingsarbeid rundt kva avdelingar som kan vere aktuelle for samarbeid med Stryn kommune. Pasientgruppa Stryn har valt seg ut, er behandling av sårpatientar. Kirurgisk poliklinikk, ortopedisk poliklinikk og hudavdelinga er aktuelle samarbeidspartar frå Helse Førde si side. Ortopedisk avdeling er alt i gang med å utvikle eit liknande tilbod i samarbeid med ein annan kommune. Frå avdelingane si side er det signalisert at dei er interesserte i samarbeid med Stryn. Det er gjennomført workshop saman med Stryn kommune i januar 2023, der ein arbeidde vidare med problemstillingane.

#### LÆRINGSNETTVERK – GODE PASIENTFORLØP

31.8 – 1.9 2022 vart fjerde og siste samling i læringsnettverket Gode pasientforløp arrangert på Alexandra hotell i Loen. På samlinga deltok 14 team frå totalt 13 kommunar og Helse Førde sine to team. Fleire av teama presenterte sine forbetningsarbeid, i tillegg var det interessante foredrag mellom anna om heilskaplege pasientforløp frå kommunehelsetenesta på Smøla og professor emeritus Anders Grimsmo presenterte ei oversikt over kunnskapsbaserte opplegg for samarbeid om skrøpelege eldre.

I etterkant av samlinga vart det avgjort at vi internt i Helse Førde skal legge til rette for fagleg oppfølging av dei to forbetringsteama ved at fag- og utviklingsavdelinga følg opp teama gjennom møtepunkt mellom teama, samhandlingssjef og rådgjevar i seksjon kvalitet- og pasienttryggleik.

#### SAMHANDLINGSBAROMETERET

Arbeidet i Sogn og Fjordane helsefelleskap, og innanfor samhandling generelt, skal skje ut i frå eit så godt kunnskapsgrunnlag som muleg. Det er då behov for data heilt ned på kommunenivå som både kommunane og sjukehusa kan kjenne seg att i og er samde om.

[Samhandlingsbarometeret](#) publiserer data for heile landet som er særleg tilrettelagt for samhandlingsområdet, og for dei fire prioriterte pasientgruppene som helsefelleskapa skal jobbe særskilt med. Helsedirektoratet har utarbeidd definisjonar for desse pasientgruppene, og Samhandlingsbarometeret skal nytte desse for data som blir gjort tilgjengeleg i basen. Det er etablert tett samarbeid mellom barometeret og helsedirektoratet i dette arbeidet, samt med data og analysemiljøa i dei fire regionale helseføretaka i landet.

I desember 2022 vart det sendt ut invitasjon til relevante samhandlingsansvarlege i Helse Førde og kommunane, ulike fagnettverk, fagpersonar og brukarutval i vårt opptaksområde for å delta i ei Faggruppe som skal gje innspel og synspunkt på kva data det er behov for og som Samhandlingsbarometeret bør gjere tilgjengeleg på samhandlingsområdet generelt, men særleg inn mot helsefelleskapa. Første møte i Faggruppa vert i mars 2023.



## PRAKSISKONSULENTORDNINGA

Praksiskonsulentordninga (PKO) er eit nettverk av legar som har til oppgåve å forbetre pasientforløpet innan og mellom delane av helsetenesta. Hovudoppgåva er å betre samarbeidet mellom legar om diagnostikk, behandling og oppfølging. Pasientperspektiv og -behov skal ivaretakast. Helse Førde har totalt 0,7 årsverk til PKO.

PKO i Sogn sa opp stillinga i 20 prosent i august 2022. Stillinga har vore utlyst, i tillegg til at stillinga har vore promotert via PKO-leiar med fleire ut til fastlegane i Sogn og Fjordane, samt til kommuneoverlegane og elles i andre forum der PKO-leiar har møtt legar frå området. Det har fram til no ikkje lukkast å få søkarar til stillinga.

Manglande PKO-ressurs gjer at PKO har mindre kapasitet til å delta i ulike typar prosjekt- og utviklingsarbeid som er viktige for å sikre god samhandling mellom helseføretak og kommunane, men PKO leiar og PKO i Nordfjord har likevel mange konsulentoppgåver knytt til bl.a.

- Faste samhandlingsmøter med klinikkane i Helse Førde
- Faste Samhandlingsmøter med Fag og utviklingsavdelinga og mellom PKO og samhandlingssjef og kommunal samhandlingskoordinator
- Oppfølging av samhandlingssaker som blir reist av klinikkane eller allmennlegar
- prosjekt HelselArbeid, arbeidsgruppe i Dips interactor, diverse emner innan Samhandlingsbarometeret, Hjerterehabilitering, felles psykiatrisk tilvisingsmottak, erfaringskonferansar, samhandlingskurs (i 2022 bl.a. emnekurs i ortopedi for allmennlegar – eit samarbeidsprosjekt mellom ortopedisk avdeling i Helse Førde og PKO), prosjekt i helsefellesskapet i Sogn og Fjordane og som fast observatør i fagleg samarbeidsutvalg i Helsefellesskapet
- PKO leiar i Helse Førde er Helse Vest sin representant i Nasjonalt arbeidsutval for PKO
- PKO i Helse Førde har eiga nettside der aktuelle saker kontinuerleg blir lagt ut [Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://www.helse-forde.no/praksiskonsulentordninga)
- Eigne nyhende brev – «Nytt frå PKO» blir sendt ut til allmennlegar og utvalde Helse Førde tilsette regelmessig og blir lagra på samhandlingssidene [PRAKSISKONSULENTANE – Samhandling \(samhandling-sfj.no\)](https://www.helse-forde.no/praksiskonsulentane)

## AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

2022 har vore første ordinære driftsår for Sogn og Fjordane helsefellesskap og sjølv om pandemien framleis påverka partnarane i starten av året så har aktiviteten på samhandlingsfeltet teke seg opp. Ein er likevel ikkje heilt attende på det nivået der ein var før pandemien. Den utfordrande økonomiske situasjonen både i føretaket og i kommunane vi samarbeider med, vil i stor grad påverke arbeidet det næraste året. Dette gir også utfordringar for samhandlingsfeltet, men det er likevel mange tiltak frå helsefellesskapet sin handlingsplan som er realistiske å setje i verk i tida framover.

Internt i Helse Førde vil vi arbeide med å gjere helsefellesskapet meir kjent i eigen organisasjon, og klare å engasjere fagmiljøa i arbeidet saman med kommunane. I tillegg vil intern samhandling få mykje merksemd framover.